



KICK OFF!

18. august var det oppstart på konfirmantåret med KickOff på kyrkjeplatnen. Side 4



Grenseløst?

Rapport fra NMS sin sommerfest og generalforsamling 2. juli.

Side 6



Ny Diakon

Bli kjent med vår nye diakon, Ingrid Vik

Side 7



Unge sommervikarar

I ferien har det vore nær full drift på gravplassane.

Side 13

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR:

Os sokneråd

ANSVARLEG REDAKTØR:

Gerhard Hansen

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Picapoint Studio
www.picapoint.no

FOTO FRAMSIDE:

Os sokneråd

TRYKK:

Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.460 stk

OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

OS KYRKJE:

Tlf. 56 57 24 10

KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

Fax 56 57 24 01. E-post: post@os.kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

Felleskap og teneste

Eg hugsar den gode kjensla ved semesterstart av kladdebøker med blanke sider, klare til å bli fylt av ein motivert elev/ student. Den same kjensla trur eg mange av oss har i møte med eit nytt semester i arbeidslivet og i det vi er engasjert i på fritida vår.

I kyrkjelyden vår er det også oppstart av aktiviteter som har hatt sommarpause: Babysang, ShubaDups, Tweens Sing, Speidar, Koinonia, Språkkafe, konfirmantarbeid, trusopplæringstiltak og mykje meir.

Har DU tenkt over om du vil vere med i fellesskapet av frivillige i Os Kyrkjelyd ?

Kva kan du få ut av dette?

Glede:

- å kjenne at det er bruk for deg
- i møte med nye menneske
- du får bruke evnene din
- oppleve at brukarane gleder seg over aktiviteten.

Du får vere til velsigning for andre, og for deg sjølv.

Det er gjerne lett å tenke at det eg kan er så lite samanlikna med det andre klarer. I Bibelen står det at vi alle er lemmer på Kristi kropp, og at alle er like viktige for at kroppen skal fungere godt. Det er altså meininga at vi skal vere ulike, og ha ulike interesser og evner.

Kanskje tenker du at du ikkje har tid til å engasjere deg i frivillig arbeid. For mange av oss handlar det om prioritering. Mange av tiltaka i Kyrkjelyden krev svært avgrensa tid. Døme på dette er kyrkjekaffi 1-2 søndagar pr halvår, eller fadder på trusopplæringstiltak ein gang per år.

Eg unner deg den gleda det er å få vere del av eit fellesskap der du får bidra til noko som gleder både deg sjølv og andre!

Anne Turid Bjørnevik
SOKNERÅDSLEIAR





Join Us Ten Sing inviterer til feiring av 40-årsjubileum!

Jubileums-konsert i Os kyrkje

Laurdag 30. september kl 18:00

Tidlegare Join Us-kor m/band møtes og syng gamle songar om igjen, og dagens Join Us vil syng sine songar. Opplev utviklinga frå 70-talets gospelkor til dagens Ten Sing.

Konserten er open for alle. Fri entré.
I staden for billett, kan du gje ei gåve til ungdomsarbeidet (kort, VIPPS eller kontant).

Det blir òg festgudsteneste
søndag 1. oktober i Os kyrkje kl 11:00.
Så mange som mogleg frå stor-koret
syng felles songar.

Kick Off!

Den 18.august hadde me oppstart av konfirmantåret med KICKOFF på kyrkjeplatnen.

Til tross for skumle værmeldingar var det fint vær mesteparten av tida me var ute.

Konfirmantane vart møtt av ungdommar og gruppeleiarane. I tillegg til bli-kjent leiker var det og ei challenge løype med oppgåver konfirmantane skulle løyse. Etter enda løype var det grilling og litt kunnskapstesting i form av kahoot. Dagen vart avslutta med ei gudsteneste i kyrkja der konfirmantane fekk ein smakebit på noko av det som konfirmantida kjem til handle om. Det var god stemning og mykje godt humør denne dagen.



Ungdomsleiarforum (ULF)

I kyrkjelyden vår er det mange ungdomar som legg ned eit stort arbeid, av og til utan at det nødvendigvis leggast merke til det.

Dei rigger opp lyd og lys til arrangement i kyrkja og i Tunet, dei er med i styre og stell i Join Us og Klubben, og startar opp ungdomskRIK. Utan denne gjengen av unge leiarar ville mykje av ungdomsarbeidet vårt, slik det er organisert i dag ikkje gått rundt. Men det er og viktig at denne gjengen får påfyll, og difor er ULF starta opp. ULF er forkorting for ungdomsleiarforum. Konseptet er enkelt: Dei unge leiarane våre skal ha dette som ein stad der dei skal få sleppa å gjere noko, men dei skal få desto meir. ULF møtast ein søndagskveld i månaden. Vi spis eit måltid saman, og har ein andakt/ samtale. Det viktigaste med ULF viktigaste er å byggje fellesskap, og at dei som er unge leiarar i dei forskjellige greinene i ungdomsarbeidet får ein forståing av at vi alle er ein del av eit felles ungdomsarbeid i Join Us, Klubben og KRIK.

Vi i staben som jobbar med ungdomsarbeidet er utruleg takknemlege for den fantastiske gjengen som samlast i ULF, men det er plass til fleir. Ver med og be for dei unge leiarane våre, og ver med å be for at enda fleire av ungdomane våre vil vere med å gjere leiaroppgåver i kyrkjelyden.

Roar Hallesby Evjedal
KAPELLAN

Ungdomsrommet

Om du har gått forbi Tunet og sett inn gjennom vindauga på klubbrommet har du kanskje sett at det har fått ei oppgradering sidan i vår.

Me har forsøkt og lage til eit meir attraktivt rom for ungdom og nytte seg av. Nye møblar har komme inn og heile rommet har vorte oppgradert. Dette har me gjort for å gi ungdomane eit godt tilbod.

Søk fyrst guds rike og hans rettferd, dette er tema som kjem til og være i fokus for ungdomsklubben i haust. Klubben kjem i haust til og ha samlingar kvar fredag med nokre unntak. Om du følgjer klubben på facebook vil det komme oppdateringar der. Du kan og fylgje klubben på instagram @tune_in_os. Me er og på snapchat, linken til den finn du på fb.

Glad KRIK-gjeng!

OS KRIK

Felleskap, aktivitet, tru

Hausten er i gang og det betyr at Os KRIK er tilbake etter sommarferien.

Treningane starter snart, og vi håper at akkurat du vil bli med. Os KRIK er i regi av KRIK som står for kristen idrettskontakt. Det er også et tilbud som passer til absolutt alle. På KRIK treningane leiker vi og har det gøy i fellesskap med forskjellige ballspill og aktiviteter. Samtidig blir vi kjent med både andre og den kristne tro. Halvveis inn i treningane har vi ein lita andakt.

Treningane skjer i Os ungdomsskule sin gymsal kvar fredag kl 18:30 - 20:00. Aldergruppe: frå i 8. klasse og oppover. Medlemskapet i Os KRIK kostar 100 kr i året.

Dersom KRIK er noe for deg, kan du melde deg inn i KRIK på www.krik.no.

Du trenger altså ikkje å betale på første trening. Første trening var 25. august, og vi håper på så bra oppmøte som mulig. Dersom du trur dette er noko for deg, ta med deg nokre venar og bli med! Velkommen til Os KRIK!

PS!

Ønskjer du å støtte Os KRIK kan du melde deg inn som støttemedlem.

Det gjer du ved å Vippse eit valfritt beløp til Os KRIK til nr 48255415.

Då får du kvart år eit julekort med oppdateringar frå året som har gått, og bilete frå treningane. DS



Takk til alle som leverte kaker og vaffelrøre til 17. mai-kafeen vår!

Beste helsing alle ungdommene i kyrkjelyden :)

Mercy trials over judgment!

Kva er meininga med livet og kvifor er eg her??

Dette er vel spørsmål fleire av oss har prøvd og finne svaret på. Kvifor skjer det som skjer? Kanskje tenkjer du: alle handlingar må ha ein reaksjon, eller så er dette fyrste gongen du tenkjer det? Uansett så skal du få moglegheita til og arbeide med slik spørsmål, slike spørsmål som ikkje kan svarast med ja eller nei og kanskje ikkje er det same for nokon av oss, kva veit vel eg. I desse dagar arbeide me med og få til eit alpha kurs for unge. Dette er eit tilbud for deg som er konfirmert og har spørsmål du vil ha hjelp til og tenkje rundt det og være ein etterfølgar av Jesus. I tillegg til samtale vil me og dele måltid saman på alpha.

LAN.

«local area network» arrangerast 3-4 november.

Eit av dei best besøkte ungdomsarrangementa er LAN; ei natt med PC- og TV-spel, konkurransar, film osv. I haust var vi rundt 120 stk og vi gler oss til ein ny runde. Arrangementet er frå 8. kl og oppover til 2.gym. Ynskjer du å hjelpe til som vakt, med matlaging eller andre ting; gje gjerne ein lyd til ungdomsarbeider Lars Joar Hilleren. Påmelding og info vil komme på nettsida vår og på facebook.



Grenseløst? Rapport fra en sommerfest

Fra onsdag 28. juni til søndag 2. juli arrangerte Det Norske Misjonsselskap, (NMS) sommerfest og generalforsamling i misjonsbyen Stavanger, der NMS ble stiftet for 175 år siden.

Fredagskvelden var misjonsfolket godt synlige da de fylte domkirkeplassen til gratiskonsert og allsang med kulturpersoner og kirkelige kjendiser på scenen.

Ifølge Grunnreglene er NMS "en selvstendig organisasjon innenfor Den norske kirke og er et redskap for å realisere kirkens misjonsoppdrag. NMS består av foreninger, grupper og enkeltmedlemmer."

NMS arbeider på 4 kontinenter og i 17 forskjellige land. Når misjonærer fra Norge, inviterte fra samarbeidskirker og -organisasjoner kommer sammen med utsendinger og enkeltmedlemmer fra hele landet til generalforsamling, seminarer og oppbyggelige møter, blir det et fargerikt fellesskap, et mylder av språk og dialekter. Med over 3000 mennesker under samme tak, er det å regne som et stort arrangement, og det ble profesjonelt gjennomført.

Det var riktignok tilløp til kaos under de første måltidene: når det må være flere bordsettinger, når gamle kjente treffer på hverandre i mylderet og har mye å snakke om før de bryter opp. Men som det står i Skriften (Matt 14,20): "alle spiste og ble mette."

Forhandlinger og avstemminger er kompliserte og krevende øvelser i en så stor forsamling. Engasjerte debattanter



kan sette tålmodighet og detaljoversikt på prøve. Men erfarne møteledere holdt orden og tidsskjema ble overholdt. Seriose tema ble ofte innrammet av innslag som åpnet for latter og høy trivselsfaktor. Husorkester og forsangere bidro til å løfte stemningen og allsangen under de oppbyggelige møtene. Strategiplanen fram til år 2025 ble vedtatt. Tre hovedmål skal være veiledende for virksomheten: Dele troen på Jesus. Utrydde fattigdom. Bekjempe urettferdighet.

Det var ikke de store, kontroversielle sakene som kom opp denne gangen. Landsstyret ønsket å endre grunnreglene og avholde generalforsamling hvert 4. år, med sommerfest mellom disse. Men det ble nedstemt, så det blir fortsatt generalforsamling hvert 3. år.

Tema for generalforsamling og sommerfest var: "Grenseløst?" Evangeliet er grenseløst, fordi Guds nåde gjelder alle mennesker. Spørsmålsteget kan være til refleksjon: Hva kan vi gjøre for å fjerne grenser som skiller mennesker, og hva skal vi gjøre for å få til et grenseløst kristent fellesskap?

Under generalforsamlingen ble det gitt over 1 million kroner i kollekt. Siste 3-årsperiode er det samlet inn 239 millioner i gaveinntekter. Regnskapet viste likevel et underskudd på 8 millioner. Det gir grunn til bekymring, uten at det blir panikk. Lignende utfordringer har misjonsfolket fikset mange ganger i historien. Det er ønske om at antallet faste givere økes.

NMS "spiller på mange strenger": Forkynnelse og menighetsbygging, skolearbeid, helsetjenester, jordbruk, utviklingsarbeid i mange og stadig endrede

og former. I begynnelsen dro misjonærene ut fra Norge. Nå sendes de fra de ulike samarbeidslandene på kryss og tvers i et globalt virkefelt.

Foreningene, og da spesielt kvinneforeningene, er fortsatt kjernevirksomhet. Av nyere dato er gjenbruksbutikkene - 49 i alt - og de engasjerer over 2000 frivillige medarbeidere.

Formidling av evangeliet finner stadig nye former. Fra Englands Lake District, der NMS er engasjert, hørte vi om kirkegjengere som først ble skremt av MC-gjengene som dukket opp i helgene. De bestemte seg for å invitere dem til frokost i menighetssalen og gi dem et gudsord med på veien. Vi så bildene av skinnkleddede tøffinger og gråhårede bestemor i skjønn forening.

Parallelt med generalforsamlingen hadde ungdomsavdelingen NMSU, sitt eget program, sin egen leir, samtidig som de deltok på noen hovedsamlinger. I nærliggende lokaler hadde barna sitt program. Når "Maki" - en ung deltaker utkledd som den spesielle gassiske lemuren med stripete hale - viste seg på hovedscenen og husorkesteret spilte kjenningsmelodien, visste alle barn i salen hva som skulle skje. Fra Os - kyrkjelyden, foreningene og gjenbruksbutikken - kom det 11 utsendinger og enkeltmedlemmer (se bilde). Os kyrkjelyd er samarbeidskirke og støtter NMS-prosjekter i Estland, England og Brasil.

Vil du vite mer om NMS?

Gå inn på hjemmesiden: www.nms.no

Nils Sørbø



Os har fått ny diakon, Ingrid Vik



«Eg ønskjer å vere tilstade for folk, -gjennom samtale, refleksjon, håper eg å vere til støtte i ulike fasar der livet har nokre bratte motbakker.»

Tekst og foto: Gerhard A. Hansen

Ingrid er oppvaksen på Askøy og har røynsle frå ulike stillingar i kyrkja. Ho har vore innom fleire jobbar i kyrkja. Ho kan vise til praksis som kyrkjetenar, har prøvd seg som organist (har spelt og spelar litt piano), kateket, men det er som diakon ho har mest og lengst teneste.

- Kvifor søkte du diakonstillinga i Os ?

- Å vere diakon, møte menneske som del av kyrkja gir meg glede og utfordring. Kyrkja sitt store omsorgsoppgåve overfor menneskar vil eg vere med å synleggjøre og kanskje eg kan bidra til at Os kyrkjelyd vil vere enda meir medviten til denne viktige oppgåva og tenesta i kvardagslivet. I Bergen Domkirke hadde eg berre halv stilling. Her i Os får eg høve til å bruke heile arbeidsveka til diakonien.

- Kva har du gjort før du kom til Os?

- Eg starta som diakon i 2008 i Olsvik. Sidan har eg jobba som ungdomsdiakon i Loddefjord, vore eit år som kyrkjelydspedagog i Søreide før eg starta

som diakon i Domkirkemenigheten i Bergen.

- Du har erfaring frå ulike stillingar i kyrkja, - kvifor diakon ?

- Kyrkja si visjon om diakoni: Guds kjærleik til alt det skapte virkeleggjort gjennom liv og teneste – i dette ligg for meg både ei utfordring og ei teneste eg vil gå inn i. Eg har fagkunnskap frå ulike områder som kristendomskunnskap, diakonikunnskap, sjelesorg, pedagogikk; likevel viktigaste den kunnskap og modning eg har fått gjennom utdanning og rettleiing frå tida på Diakonhjemmet og i arbeid seinare.

- Kva er di viktigaste oppgåve i Os ?

- Utgangspunktet for mitt arbeid er nedfelt i ei diakoniplan som min forgjengar Jannike Gangstø Rogne har utarbeid i tett samarbeid med diakoniutvalet. Oppgåver knytt til sorgarbeid, konfirmantarbeid (konfirmantgruppa «Saman FORandre») er eg alt i planfasen med. Men eg har ønskje om saman med resten av staben skal enda betre løfte fram den diakonale grunntanken i alt vi gjer i kyrkja.

- Omgrepet «diakoni» er det kjent hjå folk?

- Diakoni er kyrkja sitt omsorgsarbeid. Omgrepet «omsorg» i vidaste tyding er nok meir kjent mellom folk flest. Og kanskje skal kyrkja vere flinkare til å bruke omgrep folk flest kjenner innhaldet i.

- Nokre meir du vil løfte fram ?

- Eg håper eg kan bidra til å utruste, rettleie og støtte dei døypte. Hjelp til at kyrkjelyden vert flinke til å skape inkluderande fellesskap. Vi treng gode verestader. I ulike faser av livet treng vi ei hjelpande hand, noko som gir det lille ekstra til å kome over ein kneik, - og kanskje nokre uventa rosande ord som kan vere med å snu ein litt vanskeleg dag. Eg vil og trekke fram den felles diakonale tenesta Kirkens SOS som er tilgjengeleg for alle pr telefon 24 timar i døgeret og 7 dagar i veka.

Saman skal vi bry oss om heile mennesket slik at einkvar opplever seg verdifull. Og vil gjerne slutta av med eit dikt av Svein Ellingsen:

*Mennesker venter på hjertet som ser,
hjerter som gripes av nøden som finnes
skjult bak forkledninger, roller og masker.
Mennesker venter og håper på nærvær,
håper å møte et bankende hjerte.*

*Hvem bringer varme i frostnattens verden,
hvem gir et glimt av Guds kjærlighetsansikt:
nærvær og tjeneste, nærvær og omsorg;
hjerter som ser*



Trusopplæringstiltak i Haust

Babysong

Startar opp 7. september både i Nore Neset kyrkje og Os kyrkje.

Nytt frå sist semester er at me no har samlingane på Os, i sjølve Os kyrkje. Dette gjer oss ei heilt anna ramme og godt grunnlag for å bli betre kjent i kyrkja ein høyrer til i. Når ein har skifta bleie, amma, spist lunsj og delt ei fin sangstund med barnet sitt, ja då trur me at forholdet til kyrkja blir nærare.

Babysongarane deltek og på myldre-gudstenste i Nore Neset kyrkje 12. november. Invitasjon kjem i posten, og har du ikkje fått, ta kontakt :)

6 åringane

Blei invitert til Skulestartgudsteneste i august like etter skulestart.

Dette tykkjer me er svært kjekt og få vera del i. Nokre barn har med sin skulesekk og blomster frå veikanten. Det er i det heile mykje forventningar å spore blant dei små, - og blant foreldra. Dei blir i løpet av 1. klasse og invitert til «Heilt førsteklasses», 5 samlingar der me har framme tema frå 6 års boka, lager noko og et kvelds saman. Invitasjon kjem i posten.

4 åringar

Det er to 4 års bok utdelingar i haust. 24. september i Os og 1. oktober i Nore Neset. I forkant av utdelinga så inviterer me til ein liten Undretur som regel torsdagen i forkant. Her kan barna få hilse på dei som skal vera med på utdelinga, organisten, prest og kyrkjelydsarbeider. Me syng nokre sangar som dei vil høyre på utdelinga og dei får kikke seg rundt og bli kjent med nokre av elementa som er litt spesielle i kyrkja.

11 åringar - Lys Vaken!

Å ligge på eit eksklusivt sjøloppblåsbart liggeunderlag, midt i flotte Os kyrkje, er ikkje alle forunt.

Det er alle flotte 11 åringar som får det tilbudet. Saman med trygga vaksne, nokre frå stab, andre frivillige, er me saman frå sein ettermiddag laurdag til sundag og feirer gudsteneste på Lys Vaken vis. Alle 11 åringar får invitasjon i posten.

3 åringane

skal igjen få møtes i distrikts Os. Me har hatt samlingane på Lunde barneskule, Søre Øyane bedehus, Tunet, Søfteland bedehus, Nore Neset kyrkje og på Lysekloster barneskule. Barna kjem saman med fadrar eller foreldre. Me et graut, høyrer om då Jesus vart fødd i stallen, lager ei fin glitterstjerne og får Adventskalender utdelt. Ei varm og fin samling.

Me har behov for nye krefter til Lyse Kloster blant anna. Så kjenner DU at DU vil vera med på det, ta kontakt med Hege Varhaug-Lekven.

Til alle trusopplæringstiltak blir barna invitert med brev i posten. MEN det er bare å ta kontakt på telefon, sjekke heimesida vår: kyrkja.no/os for meir informasjon.

All påmelding til alle trusopplæringstiltak må skje via Os.medarbeideren.no

God haust!

Håper å sjå mange barn på våre Trusopplæringstiltak

Kyrkjelydens aller første skikkelige konsert i Storsalen

Join Us Ten Sing sitt Sommarshow 2017 "Syng det ut" var ei flott oppleving for alle som møtte opp for å oppleve song og musikk frå ungdommen i kyrkjelyden vår.

Alle dei tradisjonelle ingrediensane var med i showet, eit vidt spenn frå fine songar i duett og kor, til svingande gospel, flott danseshow, og ikkje minst eit interessant drama vart framført, attpåtil med ein song. Join Us sine lydteknikarar sørga for god lyd og fargerikt lys-spel på scena. Med andre ord; ungdommen heldt kyrkjelydens aller første musikalske show i den nye Storsalen **No er det berre å gle seg til neste års vårshow - som etter planen vil gå av stabelen i april 2018.**

Inger-Johanne Haugland





Barne-og familietilbod i Os Kyrkja



Sprell Levende feiring!

Søndag 24.september feirer vi **Søndagsskulens dag!** Bli med på feiringen!

Vi starter med Sprell Levende familiegudsteneste i Os kyrkje kl 11. Etterpå fortset vi feiringa med mat og leiker på kyrkjeplatet. Det vert hoppepute, "fallsjerm", rulleballspill, karamellkaster, bowling, stort pinnespill (Mikado) og mykje anna gøy å finne på! Ta med deg ein venn og bli med på feiringen!

LaurdagsSprell

LaurdagsSprell er eit familietilbod i Nore Neset kyrkje. Ein laurdag i månaden samlast vi frå kl 11 - kl 13.

Eit flott treffpunkt for barnefamilier! Borna får delta på sangstund, høyre ei bibelforteljing, leike og halde på med formingsaktiviteter, og av og til kjem den snille løva vår på besøk. I tillegg så er det sosialt og kjekt for mor og far å møtas. Til slutt et vi alle laurdagsgraut saman. Sett av datoane for hausten!

Sted: Nore Neset kyrkje / **Ein laurdag i månaden kl 11 - 13**
Datoar: 26.august, 23.september, 28.oktober



Os TweenSing

Dette er eit kor for 5.-7.klassinger. Vi syng kjekke sanger sammen, både kristne og andre popsanger.

Vi bruker Musikkbingen ved skulen på Nore Neset, så dersom nokon kan spele litt på instrument og ønskjer å prøve seg på å spele i band, kan dei øve her saman med vaksne musikarar. Vi leikar saman, får høyre forteljingar om Jesus og så et vi kveldsmat saman til slutt. Vi er organisert i KFUK/KFUM. Denne hausten satsar vi på å reise på Tweenfestival i Åsane. Det er knallgøy, og blir garantert kjekt!!

Nore Neset kyrkje, kvar tysdag kl 17.30 - 19.30.
Oppstart: 5.september kl 17.30

Medlemskontingent: 200,- pr semester



FredagsTaco

Ein fredag i månaden, kl 17 - 19/19.30

FredagsTaco er eit herlig familiekonsept. Ein fredag i månaden fyller vi TUNET med tacolukt, som seg hør og bør på ein fredag. Men før det har vi ei samling for heile familien i Os kyrkje; med song, andakt og oppløftande leik for alle saman. Så går vi bort i TUNET og kutter opp til taco i fellesskap, medan dei minste leiker litt meir; med lego, spel, bilbane, kanskje litt ansiktsmaling. Alle er hjartleg velkomne!

**Haustens datoar: 15.september,
20.oktober og 1.desember**
Bli gjerne med i facebookgruppa vår:
Fredagstaco i Os kyrkjelyd



Shannon Grace Fimreite og Solveig Enerhaug (til høgre) som ofte er å sjå i Os kyrkja – Det kjennes godt å vere i kyrkja, seier skuleelevane. (Fotograf: Inger-Johanne Haugland)

Skuleelevar tar ansvar i kyrkja

Til dagleg går Shannon Grace Fimreite (17) elev på vidaregåande skule i Bergen. Men på søndag deler ho ut salmebøker og helsar folk velkomen til Os kyrkje.

- Det kjennes godt å bidra med noko i kyrkja, seier kyrkjeverten Shannon Grace Fimreite. Tidlegare var ho med i Join Us Ten Sing, men no må ho prioritere skulen. Med oppgåva som kyrkjevert er ho framleis i miljøet.

- Bli med som kyrkjevert

Det var frivillig-koordinator Inger Johanne Haugland som spurte Shannon om ho kunne tenke seg denne oppgåva enkelte søndagar. Og det kunne ho gjerne. No oppmodar ho fleire unge til både å bli med som kyrkjevertar og kome til kyrkja på søndag

- Oppgåva til kyrkjertane går ut på å få folk til å føle seg velkomen i kyrkja. Det er også ein fin måte å få med seg gudstenesta på og treffe vener, seier Inger Johanne Haugland. - Mange eldre seier også det er meningsfylt å vere kyrkjevert. Dei treff kjentfolk som dei ikkje ser så ofte elles og er glade for å støtte opp om kyrkja «si».

- Kjekt å møte folk

Men Shannon Grace Fimreite er ikkje den einaste skuleeleven som har ansvar i Os kyrkje. Somme søndagar er det to unge jenter på bakerste benk i kyrkja under gudstenesta. Den andre er Solveig Enerhaug (17) som også går på vidaregåande skule. Ho arbeider som kyrkjetenar kvar tredje helg og er med på alt som foregår i kyrkja som vigsler, gudstenester, møter eller konsertar.

- Det er ein kjekk og allsidig jobb som er lett å kombinere med skule. Anten det er gudsteneste ein heilt vanleg søndag eller det er dåp, så er det fint å møte folk, seier Solveig Enerhaug.



Kyrkjevert - kva går oppgåva ut på?

Kvar søndag vert du helsa varmt og blidt velkomen til kyrkja, av venlege, blide menneske.

Viktig at folk føler seg velkomen i kyrkja. Kyrkjevertane møter ein halv time før, for å ønske folk velkomen og for å gje praktisk hjelp. Dei har skilt som fortel at han/ho er kyrkjevert den dagen.

Alle skal ha salmebok, ordensark og kunngrerings-lapp. Dette ordnar kyrkjevertane. Under gudstenesta må kyrkjevertane passe litt ekstra på. Bønekrukka skal fram, offerposane skal sendast rundt i benkene og leverast til presten. Etter gudstenesta; ta ein runde i benkene og rydde opp.

Synes du dette verkar interessant?

Meir informasjon får du ved å kontakte frivillig-koordinator: Inger-Johanne Haugland ijh@os.kyrkja.no

**Ikkje nøl med å ta kontakt
- Kyrkjelyden har bruk for deg!**



Minnesamvær

- når nære og kjære har gått bort

Minnesamvær gjev rom for å dele sorga, - men også glede og gode minner - og samværet kan gje grunnlag for fellesskap og omsorg i ei vanskelig tid. I Os har vi lang tradisjon for å samle familie, slekt og vener til minnesamvær, etter seremonien i kyrkja.

Tunet Kyrkje- og kultursenter

Eldstova har god plass til opp mot 70 personar, og i Storsalen er det god plass til mange fleire.

Cateringteamet etablert i 1980-åra

Smurde då lunsj til leigetakarar i Kyrkjjetunet (Tunet Kyrkje- og kultursenter). Det er dei slutta med for lengst. Tidleg på 90-talet utvida Cateringteamet og begynte å tilby minnesamvær i Tunet. Nokre av dei som var med i byrjinga har gått

bort, medan andre ikkje lenger har helse til å vere med – Gerd Kaland og Kari Olsen derimot, er framleis aktive og har vore med frå starten.

Men dei er ikkje åleine. Mange unge pensjonistar har kome med i Cateringteamet dei siste åra, både kvinner og menn.

Frivillige krev inga løn til seg sjølv

Ved minnesamvær møter teamet opp i god tid, dekkar bord, trekker kaffi, tar imot maten som skal serverast, står for serveringa, ryddar og vaskar opp. Arbeidstimane vert fakturert frå kyrkjekontoret og går til drift av Tunet Kyrkje- og kultursenter.

Motivert for ei fin og viktig oppgåve

Astrid Sundøy om kva ho får tilbake for å delta i dette viktige arbeidet: «Folk kommer og takker for den fine måten vi er på, og de forteller om en verdig minnestund som vil være fint å se tilbake på. Det gir meg uendelig mye.»

Kjell Barman: «Å vite at eg er med å bidra for å få inn pengar til å betale lånet på bygget her betyr mykje. Eg synes vi har eit ansvar som medlem i kyrkjelyden, å bidra med det vi kan. Dette synes eg dessutan er ei fin og viktig oppgåve.»

Organisering

Når vi på kyrkjekontoret får spørsmål om minnesamvær, kontaktar frivilligkoordinator den enkelte i Cateringteamet, og får kjapt svar om det passar den aktuelle dagen. Oftast kan vi svare ja – men det har hendt at vi må seie nei, og då er det leit.

Det er alltid trong for fleire frivillige i Cateringteamet.

Har du, kjære lesar, lyst å vere med i Cateringteamet? Ta kontakt med undertekteina for meir info!

Inger-Johanne Haugland,

FRIVILLIGKOORDINATOR OS KYRKJELYD

Tlf 56572404

ijh@os.kyrkja.no

Reformasjonstema i gudstenester i Os i haust

For å få til ei markering av reformasjonsjubileet som både er landsdekkjande og samtidig heilt lokal, har hovudkomiteen for jubileet under leiing av preses Helga Haugland Byfuglien teke initiativ til at det skal haldast fire temagudsteneste i alle kyrkjelydar hausten 2017. Dette er så endelig vedteke av Kyrkjerådet.

Det er vedteke eigne bibeltekster for desse gudstenestene, som erstattar dei faste tekstene frå 1. rekke. Det vil bli utarbeidd ressursmateriale til gudstenestene, for å gi hjelp til førebuinga.

Det vil òg bli utarbeidd studiemateriell til bruk i grupper (bibelgrupper, samtalegrupper osv.) der ein kan arbeide med tema i forkant av gudstenesten. For meir informasjon, sjå kirken.no/reformasjon 2017

Vi prestane i Os ynskjer å ta dette inn i gudstenestene våre. Vi får med alle 4 temaene, men ikkje på dei «fastsette» datoane. I Vår plan ser det slik ut:

27. august: «Nåden alene» Os kyrkje kl 11.00. Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar.

03. september: «Skaparverket ikkje til sals» Os kyrkje kl 11.15 Gudsteneste med nattverd. Frivillige musikarar set jazzpreg på salmesangen.

17. september: «Mennesket ikkje til sals». Os kyrkje kl 11.00. Gudsteneste med lovsong og band. Tor Dag Kjosavik frå NMS deltek.

15. oktober: «Frelsen ikkje til sals» Os kyrkje kl 11. Gudsteneste med dåp og nattverd

Margrethe
SOKNEPREST



Eldretreff i Kløvertun

Eldretreffa i Kløvertun har ei lang historie. Dei siste 9 åra har Anny og Kaare Bakke hatt funksjon som vertskap. Dei takkar no av og vi har gleda å presentere det nye vertskapet: Jorunn og Osvald Hindenes.

Tekst og foto: Gerhard A. Hansen

Anny og Kaare Bakke: Nokre høgdepunkt i denne perioden ?

Høgdepunkt; Kaare smattar på ordet. Viktigaste er møte med mennesker. Kjekt å treffast. Kjekt å ta ein prat og fellesskapet. Mange gode møter, men det som toppar lista er når osingar kjem og fortel eller deler frå sitt arbeid på ulike måtar. T.d. Nic. Lunde som fortalte frå sitt arbeid som lækjar; både i Nordland og ikkje minst her i Os. Likeins Kjersti Tysse Plätzer som fortalte frå si tid som kappgangar både nasjonalt og internasjonalt.

Korleis har eit vanleg møte vore ?

Ramma er på mange måtar tradisjonell. Ei opning, gjerne med ein del fellessong. Vi som har levd ei stund har ei stor skatt av flotte songar som vi gjerne syng. Så er det dagens gjest som har eit foredrag/kåseri eller kva ord vi skal sette på det, - på om lag ein halvtime. Etter dette er det god matøkt; nydelege heimelaga smørbrød.

Så er det gjerne tid for litt musikk og litt meir song før samlinga blir slutta av med ein liten «tanke-til-ettertanke».

Anny iler til;

Dette har vore noko av det kjekkaste eg har vore med på her i Os. Møte med flotte menneske som ønskjer å nytte dette månadlege høve til å møte andre, få litt impulsar og vere saman, både gamle kjende, - men og treffe nye.

No frå i haust er det Jorunn og Osvald Hindenes som skal overta vertskapsrolla. Vil du røpe noko av programmet for hausten ?

Det vert spanande å ta denne oppgåva vidare, men vi har tru på dette viktige samarbeidet med Sanitetsforeininga. Vi har stor tillit til det arbeidet Sanitetskvinnene har gjort i mange 10-år. Eg hugsar særleg eit prosjekt frå tida i Etiopia som var finansiert av Sanitetskvinner, - ikkje berre med pengar, men og engasjement og tett oppfølging. Det er flott at vi kan vere med på dette laget; - og så har vi alderen der ei slik oppgåve kan vere passe stor for ein periode framover.

Og så var det programmet då...?

Første gongen, i september-møtet, - skal vi by litt på oss sjølve. Vi har hatt eit spanande liv og teneste i Misjonssambandets teneste i Etiopia, men og nokre periodar heime i Noreg. Vi har nokre gode minne som vi gjerne vil dele, - og så kan folk vite litt om vår bakgrunn.

Og utover hausten ?

I oktober kjem Tove Hille og Stine Kobbeltvedt frå friviljug-sentralen og fortel om det mangfald arbeid dei er engasjert i og november kjem Nils-Georg Brekke og auser litt frå sin kunnskap om kulturlandskap, bygg og menneske som har levd her før vår moderne tid.

Og den tradisjonelle adventkonserten vert som vanleg første tysdag i desember Ja, vi har ikkje behov for å endre på ting som vi veit fungerer. Fin konsertstund i kyrkja før vi set oss rundt pynta bord i Kløvertun.

«Eldretreff» - er dette det gode og tenlege namnet på denne samlinga ?

Anny og Kaare ser på kvarandre, - og ser på Jorunn og Osvald. Er ikkje dette eit OK namn ? Det heiter jo «Eldresenteret» pensjonistforeininga sitt lokale. I kommunen har det eldreråd. Eller kanskje skulle det vore fornya, men til kva ? Seniortreff; vi har «tygga på det, men ikkje fått tryggleik for det namnet.

Det viktigaste er at folk som har gjort seg ferdig med det vanlege arbeidslivet skal finne vegen. Om du er i 60-åra eller kan legge til både 20 og 30 år til denne alderen skal du vere velkomen. Vi ønskjer å lage ei god ramme med god mat, litt song og musikk og litt kunnskap og refleksjon på ein triveleg måte.



Om Eldretreffa

- Eldretreffa i Kløvertun har vore sidan tidleg på 1980-talet.
- Eldretreff er eit samarbeidstiltak mellom Os sanitetsforeining og Os kyrkjelyd.
- Eldretreffa er kvar første tysdag i månaden kl 12:00 og varer normalt eit par timar.
- Eldretreffa er opne for alle.

Avtroppande og påtroppande vertskap til Eldretreffa. Frå venstre: Kaare Bakke, Anny Bakke, Jorunn Hindenes og Osvald Hindenes.



Trygve Bjørnevik, Sindre Hodneland, Solveig Enerhaug og Linn Kjerstin Østgulen Rondestveit (fotograf: Inger-Johanne Haugland)

Unge sommarvikarar på gravplassane i Os

Det er ferietid – og nær full drift ute på gravplassane.

Det merkast i lunsjpausen for dei få som jobbar på kyrkjekontoret når sommarvikarane frå gravplassane kjem inn for å eta lunsj. Det vert liv og latter rundt bordet.

Kjekke gjensyn og nye sommarvikarar

Elisabeth Enerhaug og Sindre Hodneland (25), er for veteranar å rekne, og Trygve Bjørnevik (17) og Solveig Enerhaug (17) er nye av året – men alle er under leiing av Reidar Berge (driftsleiar) og Linn Kjersin Østgulen Rondestveit (anleggsgartnar).

Eg fekk lyst å spørje ungdommane om korleis dei likar jobben på gravplassane i Os. Sindre, Trygve og Solveig var til stades ved intervjuet. Alle seier dei trivst med å arbeide ute, og at arbeidet på gravplassane er variert og praktisk. Det er spanande å stella det dei trur er dei største parkområda i Os. Sjølv på regnversdagar er det fint. Viktig å uføre arbeidet på ein fin og god måte

Sindre fortel at dei kjekkaste oppgåvene er å klippe gras, og å grave med minigravemaskina. Han synes det er viktig å uføre arbeidet på ein fin og god måte, og vere nøyaktig; fordi, det er andre folk som skal sjå på det etterpå. Trygve likar seg på traktoren og på den gule grasklipparen som han kan sitje oppå. Solveig tenkjer seg om og kjem til at lunsjpausane er aller kjekkast. Men ho har luka, klipt gras og spylt benker. Traktoren har ho også prøvd – og no kan ho rygge med henger. Alt er kjekt! «Dei har ganske godt utstyr her» seier Trygve, «ja, det har dei, og mange venstre-hanskar», ler Sindre.

Velstelte gravplassar

Når dei unge får jobbe saman går lukinga som ein leik. Alt blir lettare når vi er fleire i lag. Malinga går fortare, og når vi grev graver - og fyller på att, er det godt å vere to. Det er utruleg mange fine og velstelte graver, men eg har ikkje sett mange folk som driv og

stiller dei, seier Trygve og ser ut til å undrast. 17-åringen fortel at dette er hans første skikkelige sommerjobb. Kan du tenke deg å kome tilbake neste år? «Ja gjerne!» Solveig har i tillegg, deltids jobb som kyrkjetenar. Ho får nok eit godt bilete av kyrkjås daglege drift.

Bra arbeidsplass

«Godt arbeidsmiljø og gode kollegaer – det er jo det som er den eigentlege motivasjonen for å kome igjen og arbeide her, år etter år» fortel Sindre, sommarvikar på åttande året. Sindre drar på ferie før han skal tilbake til Trondheim og studiet 'Kybernetikk', eit elektroingeniør-fag som visst nok har med styring av prosessar og programmering av robotar å gjere. Solveig og Trygve skal ha litt ferie før dei tek til på andre året, på Danielsen VGS i Bergen, og på Os Gymnas. Eg takkar dei kjekke ungdommane, og ønskjer dei alle velkomne tilbake til ny innsats neste år.

Bortom tid og rom og tanke

(Salme 460)

Refleksjon på livsvegen. Ein salme om dei små pustehola i kvardagen. Noregs Kristelige Studentforbund skipa ein salmekonkurranse i 1999 der denne salmen vann. Tekst av Heidi Strand Harboe; melodi av Carl Petter Opsahl.

1. *Bortom tid og rom og tanke
finst ein stad der alt er annleis,
finst ein stad der alt er heilagt,
finst ein stad der Kristus er.
Nær min trøytt, redde tanke, nær min
draum, min lengt, min styrke,
nær mitt liv og alt eg lever,
det er godt å vera der.*
2. *Gjennom ørsmå hol i dagen,
får eg venda mine tankar,
ta eit lite steg til sides, søkja Herren,
Han som er.
Gjennom tause, mørke bønner,
gjennom lått og gjennom jubel,
leggja fram for Herren Kristus
alt det livet som eg ber.*
3. *Når eg pustar, når eg tenkjer,
når eg ler, og når eg sørgjer.
Finna ørsmå hol i dagen som
gjer Kristus sterk og nær.
Der eg lever midt i livet –
midt i verda, midt i dagen,
ber eg med meg Kristi kjærleik;
det er lys og salt eg er.*
4. *Jesus, ver i mine dager,
i alt liv som kjem mot meg.
Ver i mine glade timar,
mine skjelvande sekund.
La meg leva sterkt og nakent,
våga sjå og våga høyra,
våga leva midt i livet,
våga trå på heilag grunn.*

Andrew Holman
KANTOR



Sokneprestens hjørne:

«Slik som Faderen sendte meg, sender jeg dere»

«Slik som Faderen sendte meg, sender jeg dere.» Syngende forlot vi Hyllestad kyrkje. Det hadde vore kveldsgudsteneste på Ole Hagesæter sitt siste stiftsmøte som biskop.

Vi vart ståande i ring utom kyrkja. Vi kjende på gleda over å høyra sammen. Snart skulle vi gå kvar vår veg, heim til teneste rundt i dette store bispedømet vårt.

Men no. No var det dette: Fellesskapen i den varme junikvelden. Vi sang oss saman: «Slik som Faderen sendte meg, sender jeg dere.»

Vi skulle snart gjere som Jesus: forlata den gode fellesskapen. Faderen sende han ut av den gode, himmelske fellesskapen der han høyrdde heime. Til ei teneste der han måtte vere villig til å gje slepp og å gå langt ut av komfortsona si.

Slik sende han i sin tur sine læresveinar, og slik har kyrkja halde fram å senda medarbeidarar ned igjennom historia.

«Slik Faderen har sendt meg, sender jeg dere». Ved byrjinga av eit nytt arbeidsår kjem ho til meg igjen, opplevinga frå Hyllestad. Det er ei oppleving mange kan kjenne seg igjen i. I sommar har mange av oss søkt fellesskap, fått på-fyll. Mange har vore på stemne: General-forsamling i NMS, Oase, Korsveg osv.

Vi har mykje å bidra med i heimekyrkjelyden. Saman kan vi vere med å byggja ein frimodig og open kyrkjelyd. Fimodig når det gjeld å halde fram den kristne bodskapen i vår tid: Jesu død for våre synder og siger over dødskreftene i verda. Ingen kan leggja noko til og ingen kan trekka noko frå. Open for dei som søker fellesskap, men som kanskje ikkje så lett finn seg til rette. Også om det skulle bety at vi må følgje Jesus ut av komfortsona vår.

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST





TUNET

Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange utleigelokale til ulike formål.
Og alle er velkomne til å leige, anten det
er dåpsfest, konfirmasjon eller bryllaup.
Eller kanskje eit møte av ulike slag?

Salongen: møterom for 6-12 personar
Spegelen: møterom/øvingsrom for 6-20 personar. (P)
Eldstova: møterom for 10-60 personar. (P) (T)
Glass-salen: møterom for 10-25 personar
Storsalen: Møterom/konsertsal/
Foredragssal: 50-200 personar (P) (T)
Undervisningsrom: Møterom for 10-20 personar (P)
Pådekking: til inntil 150 personar.

(P) = projektor
(T) = høgtaleranlegg/teleslynge



**Kontakt kyrkjekontoret
for avtale om leige og leigevilkår**
Telefon 56 57 24 00

Sokneråds- møte, 10. mai

Knut Inge Johnsen startet møte med noen tanker rundt Rembrandt sitt vakre bilde, »Hjemkomsten».

Det presenterer et bilde av Gud som den barmhjertige. Guds navn er barmhjertighet.

Høyringsfråsegn angående prostitilhøyring for nytt kirkelig fellesråd i en fremtidig ny Bjørnefjorden kommune. Det er naturlig at vi fortsetter å tilhøre Fana prosti, og da sammen med Fusa etter kommunesammenslåingen.

Flygel til storsalen.

Den nye storsalen får et flott flygel på plass i løpet av høsten. Yamaha C6.

Frivillige i kyrkjelyden

Soknerådet hadde besøk av Inger Johanne Haugland (frivillighetskoordinator) Mange frivillige gjør en stor innsats for Os kyrkja, men det er likevel bruk for flere medarbeidere. Både i Os kyrkje og i Nore Neset kyrkje trenger vi flere frivillige. Ønsker du å bidra, ta gjerne kontakt med Inger Johanne på kyrkjekontoret på Os.

Menighetens sommerfest gikk av stabelen søndag 11 juni, været var bra nok for både grilling og aktiviteter tilberedt av bla Speideren og KRIK.

Jorunn Hodneland
SOKNERÅDSMEDLEM

Koinonia-program hausten 2017

31. august

«Når været blir verre», ved Professor emeritus Sigbjørn Grønås.

14. september

«Elias Blix», ved Prost og misjonær Kaare Bakke.

28. september

«Bøn er makt, Bøn er kraft», ved Evangelist og gårdbruker Eikemo Olav.

12. oktober

«Luthers sykdommer», ved Professor dr. med. Leiv Magne Hove.

26. oktober

«Spør meg om de kommende ting»
- Prof. Jesaja, ved Per T. Nilsen.

9. november

«Brød av steen og ånd av striler», ved Reder og konsernsjef Inge Halstensen.

23. november

«Gråsteindalen er ikkje berre grå», ved Lærer, forfatter og kulturformidler Jimmy Øvredal.

7. desember

«En trygg havn», ved Psykiater Tor Jacob Moe.

Kyrkjekoret

Kyrkjekoret startar øvinga
tysdag den 12. september,
kl 18 i Eldstova.

Per semester opptreir vi 2 – 3 gongar. Koret treng fleire stemmer. Ta med godt humør og songglede. Møt opp eller ta kontakt med kantoren Andrew (56572411 / 95335651).

Vel møtt!

Samlinger hjå Vegard og Grete utover hausten

7. september, 5. oktober,
9. november og 30.
november, kl 19.30

Open søndag i tunet

- 24. september
 - 22. oktober
 - 19 november
- kl 19.00 alle dagene

Misjonsmesse i Kyrkjetunet

LAURDAG 28. OKTOBER

Misjonsforeiningane i Det Norske Misjons-selskap er allereie godt i gang med førebuingane til messa. Messa opnar kl. 10.00. Det vert salg av handarbeid, bakverk, lefser, flatbrød og andre matvarer. I år vert det god plass til alle som kjem innom i den nye storsalen i Kyrkjetunet. Her vert det servert kaffi og vaflar. Fra kl. 12 og utover kan ein kjøpa betasuppe eller graut. Det vert kake- og blomsterlotteri og loddsalg på bøker. Fra kl. 11 vert det to åresalg. Dagen avsluttast med familie-samling kl. 16 med andakt, song av kor, ettermiddagskaffi, åresalg og trekning av loddbøker. **Vel møtt!**

Koret kyriaké

Startar opp igjen til hausten, med ny dirigent. Grethe-Inger Berge er det som overtar dirigentpinnen for koret.

Kyriaké har øving kvar måndag kl 19. i TUNET.

Nye og gamle medlemmer er hjarteleg velkomen til nytt semester med oppstart måndag 28. august.

Støtt våre annonsører

DRENERING • MURING • SPRENGING




BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307

Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



Sag og høvleri

DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

Rørlegger
Titlestad



- NYBYGG
- REHABILITERING
- VANNBÅREN VARME
- SERVICE

Ring for gratis og uforpliktende befaring

Tlf 480 68 830

mail:

titlestad93@hotmail.com

www.rørleggertitlestad.no



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

**Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no



ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik
Telefon.: 56 30 55 39
E-mail: g-vaage@online.no
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?
Når du trenger elektriker
kontakt Gunnar*

OS HAGESERVICE

alt innen hage

**Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.**

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no




OS REISEBYRÅ AS

Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no




FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



www.jernia.no

GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00

EIKNER 100ÅR 2008



Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

23. april

Matteo Lyssand Bjoarvik f. 06.01.2017
 Tobias Midtbø Haugvaldstad f. 29.01.2017
 Nova Undheim Thuen f. 21.02.2017

30. april

Elijah Særvold Forberg f. 06.10.2016
 Harald Johan Hjellev f. 15.03.2017
 Jackson Haringstad Thuen f. 16.01.2017

7. mai

Astrid Marie Lekven Bjånes f. 27.02.2017
 Aksel Folgerø-Kremener f. 22.11.2016
 Sofie Hovland Riise f. 15.02.2017
 Emil Mathias Sandven Sørås f. 19.12.2016
 Eline Storum f. 03.02.2017

21. mai

Andreas Bu Aalvik f. 31.01.2017
 Dennis Styve Opseth f. 19.02.2017

28. mai

Eirik Bjørnarøy Haugland f. 30.12.2016
 Anna Vinnes Sælen f. 22.09.2016
 Marion Nielsen Trovåg f. 30.01.2017

4. juni

Henriette Dvergsdal Hagevik f. 17.10.2016
 Rakel Dvergsdal Hagevik f. 17.10.2016
 Annabelle Moberg f. 13.06.2016
 Oliver Vedå Vatne f. 18.02.2017

5. juni

Johan Eri-Helgesen f. 15.11.2016
 Jonah Smedsvik-Ølness f. 14.01.2017
 Elida Marie Søviknes f. 13.02.2017

18. juni

Kasper Palmqvist Aspenes f. 03.03.2017
 Tristan Mo Blostrupmoen f. 21.03.2017
 Carl Bugge f. 03.04.2017
 Isak Winsjansen Færeveaag f. 18.03.2017
 Stella Færøy-Hansen f. 09.02.2017
 Amalie Hallem Haugsbakk f. 09.04.2017
 Tobias Kvalheim Laugen f. 28.02.2017
 Phillip Elian Nyland f. 07.12.2016
 Vilja Olivia Eriksen Rønnestad f. 14.02.2017
 Alexandra Eilertsen Sælen f. 13.02.2017
 Johannes Mjøs Wigum f. 14.03.2017
 Kristian Ravn Haldorsen Wullum f. 07.02.2017

25. juni

Theodora Ebelts Andersen f. 12.01.2017
 Leonora Oline Røykenes Hjellev f. 25.03.2017
 Karolina Kleiven f. 05.03.2017
 Solveig Reite Kolltveit f. 21.03.2017
 Adrian Søviknes Lien f. 03.03.2017

2. juli

Emilie Alver Kinden f. 04.04.2017
 Emilian Sævdal Skaathun f. 18.03.2017
 Anna Trengereid-Steinnes f. 12.02.2017

9. juli

Tomine Holdhus f. 27.03.2017
 Elina Alexandra Grenasberg f. 10.03.2017
 Linder f. 10.03.2017
 Leon Særvoll f. 06.03.2017

6. august

Oliver Engelsen Dean f. 09.05.2017
 Kasper Halhjem f. 04.05.2017
 Ulrik Olai Aase Hauge f. 21.03.2017
 Silje Solin Holdhus f. 15.05.2017
 Olivia Lekven-Smestad f. 27.05.2017
 Nora Lekven-Søvik f. 06.04.2017
 Andreas Storebø f. 26.04.2017

13. august

Oliver Nilsson Engevik f. 18.04.2017
 Anders Knutsen f. 07.04.2017

VIGSEL

Os kyrkje 16. februar

Birgitte Norheim & Bjarte Askeland

Os kyrkje 20. mai

Christine Engelsen & Lars Vegard Hatlem
 Hanne Lunde Hansen & Bjørn Sigurjonsson
 Ingrid Een & Hans Thomas Bergstedt

Lyse Kloster kapell 27. mai

Gøta Elise Natås & Stian Vik

Os kyrkje 3. juni

Rita Samdal & Arne Kræmmer
 Cathrine Milde & Hans Jørgen Lekven
 Malene Nordal Gismervik & Vidar Hodneland

Lyse Kloster kapell 16. juni

Maria Lysyakova & Alexander Hornes

Os kyrkje 17. juni

Mariell Edvarda Haukeland &
 Andrius Haukeland
 Hanne Karin Sørstrønen Hansen &
 Kristian Vikøy
 Lillian Sælen & Per-Arvid Tveit Hansen
 Julie Sørås Storebø & Bjarte Haugsdal

Os kyrkje 24. juni

Martha Luvia Nikkinen &
 Morten André Hansen Seljelid
 Anette B. Myrhol & Robin Åsheim

Os kyrkje 1. juli

Linda Bolstad & Vegard Strønen
 June Kjesæth Unneland & Daniel Urheim

Ole Bull's villa, Lysøen 15. juli

Tina Kuhnle Klakegg & Tarje Neergaard Ulset

Os kyrkje 29. juli

Silje Rebekka Søfteland & Torkjell Åsheim

Os kyrkje 12. august

Lene Drageset Lyssand & Bjørn Stian Bjoarvik
 Silje Bruknaapp Nordvik &
 Mattias Ivan Tore Eriksson

Nore Neset kyrkje 12. august

Disa Hovland & Magnus Hoff

Os kyrkje 19. august

Eirin Taraldsen & Arne Steinbakk
 Marina Nepali & Erik Magnussen

DØDE

Erna Otilde Iversen

f. 08.10.1927 - d. 03.04.2017

Finn Kolbjørn Pedersen

f. 03.09.1946 - d. 05.04.2017

Julianna Skoglund

f. 08.09.1926 - d. 16.04.2017

Ninna Marie Søvik

f. 06.02.1938 - d. 27.04.2017

Hilda Ågot Vindenes

f. 01.06.1926 - d. 05.05.2017

Erling Bernt Lunde

f. 05.04.1924 - d. 13.05.2017

Bjarne Haugsbakk

f. 06.05.1924 - d. 15.05.2017

Kirsten Austgulen

f. 01.02.1936 - d. 18.05.2017

Elisabeth Zeuthen Meyer

f. 16.07.1927 - d. 18.05.2017

Margit Drange

f. 19.09.1921 - d. 21.05.2017

Gabriel Ognedal

f. 16.05.1928 - d. 22.05.2017

Reidun Synnøve Solheim

f. 17.03.1934 - d. 22.05.2017

Vibeke Myrmell

f. 10.08.1945 - d. 25.05.2017

Terje Skeie

f. 09.02.1946 - d. 01.06.2017

Astrid Pauline Bjørnevik Svarthumle

f. 04.10.1931 - d. 03.06.2017

Torbjörg Randine Lunde

f. 25.04.1931 - d. 12.06.2017

Leidulv Søvik

f. 20.06.1937 - d. 12.06.2017

Målfrid Mathilde Bjørkhaug

f. 10.09.1940 - d. 14.06.2017

Sverre Helland

f. 01.10.1935 - d. 19.06.2017

Renate Hagevik Aspenes

f. 18.08.1986 - d. 27.06.2017

Berit Olsen

f. 09.05.1955 - d. 27.06.2017

Nils Fridtjov Lyssand Eidhammer

f. 09.08.1984 - d. 06.07.2017

Lilly Johanne Nordstrønen

f. 19.08.1928 - d. 07.07.2017

Hjørdis Kristine Bårtvedt

f. 04.09.1925 - d. 11.07.2017

Hjørdis Solveig Fugleberg

f. 09.11.1931 - d. 23.07.2017

Anny Monsen Lyssand

f. 28.07.1951 - d. 30.07.2017

Ola Midtbø

f. 18.02.1920 - d. 30.07.2017

Ann Karin Lid

f. 14.12.1951 - d. 02.08.2017

Arne Kvalem Lunde

f. 14.02.1925 - d. 12.08.2017



OS KYRKJE

- 10.09.17 kl 11.00: Dâp.
Konfirmantpresentasjon.
- 17.09.17 kl 11.00: Lovsong og band.
Nattverd.
- 24.09.17 kl 10.00: Dâp.
- 24.09.17 kl 11.15: Dâp.
Utdeling av 4-årsbok.
Søndagsskulens dag.
- 01.10.17 kl 11.00: Nattverd.
Join Us 40-årsjubileum
- 08.10.17 kl 11.00: Dâp.
- 15.10.17 kl 11.00: Dâp. Nattverd.
- 22.10.17 kl 11.00: Nattverd.
Kongshaugdag.
- 29.10.17 kl 11.00: Lovsong og band.
Nattverd.
- 05.11.17 kl 11.00: Dâp. Nattverd.
- 05.11.17 kl 19.00: Minnegudsteneste.
- 12.11.17 kl 10.00: Dâp.
- 12.11.17 kl 11.15: Nattverd
- 19.11.17 kl 11.00: Dâp.
Born frå Lys vaken deltek.
- 26.11.17 kl 11.00: Lovsong og band.
Nattverd.
- 03.12.17 kl. 11.00: Nattverd.
Speidargudsteneste.

NORE NESET

- 17.09.17 kl 11.00: Dâp.
Konfirmantpresentasjon.
- 01.10.17 kl 11.00: Utdeling av 4-årsbok.
Hausttakkefest.
- 22.10.17 kl 11.00: Dâp. Nattverd.
Konfirmantar deltek.
- 05.11.17 kl 11.00: Minnegudsteneste.
- 12.11.17 kl 11.00: Dâp. Myldregudstente,
babysong og ShubaDubs deltek.
- 03.12.17 kl 11.00: Dâp. Nattverd.
Born frå Lys Vaken deltek

SØFTELAND BEDEHUS

- 10.09.17 kl 11:00:
Konfirmantpresentasjon.

Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysningar.

Takkoffer

Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 26. mars 2017

- 02.04.17** Norsk Luthersk Misjonssamband, kr 6.387,-
- 09.04.17** OS KFUK/M-Speidarane, kr 5.700,-
- 13.04.17** Kirkens Sosialtjeneste, kr 3.178,-
- 16.04.17** Tunet kyrkje- og kultursenter, kr 26.975,-
- 23.04.17** Barnarbeidet i kyrkjelyden, kr 6.050,-
- 30.04.17** De 4 diakoniinstitusjoner, kr 4.208,-
- 6-14.05.17** Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden, kr 41.256,-
- 17.05.17** Sjømannskirken, kr 5.340,-
- 21.05.17** Tunet kyrkje- og kultursenter, kr 10.368,-
- 28.05.17** Ung kirkesang, 4.894,-
- 04.06.17** Bibelskolen på Bildøy, 6.105,-
- 11.06.17** Tunet kyrkje- og kultursenter, 6.835,-
- 18.06.17** Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, 5.667,-
- 25.06.17** Garden of Eden, 6.164,-
- 28.06.17** IKO, 3.552,-
- 02.07.17** Tunet kyrkje- og kultursenter, 6.835,-
- 09.07.17** Misjonsprosjektet, 3.573,-
- 16.07.17** Barnearbeidet i kyrkjelyden, 2.917,-
- 23.07.17** Misjon uten grenser, 1.771,-
- 30.07.17** Det teologiske Menighetsfakultet, 3.423,-
- 06.08.17** Navigatørene, kr 6.794,-

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

DIAKON:

Jannike Gangstø Rogne, jgr@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 915 89 614
Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDER:

Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 15, mob: 909 90 272
Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),
Trygve Helgesen, Marianne Tveit og
Linn Kjerstin Rondestveit

Julemesse


Den tradisjonelle julemessa
vert LAURDAG 25. november.
Merk av dato på kalenderen!

Avs:

Os kyrkjelyd
Postboks 209
5202 Os


BARNESIDA

Finn fem feil!



Marta var stressa,
men Jesus sa at det
som er nødvendig og
godt, er å lytte til ham.

Finner du de fem feilene
på bildet øverst til høyre?



MORRO KLOMPEN

**Kvifor kan ikkje EG le,
Når SOLO...?**

Skulestart ...

Det var første skuledag og læreren fortalde dei nye elevane om korleis ting fungerte på skulen.

- Om de må på do i timen, så berre rekk de opp handa...
- Lisa 7 år: Hjelper det da?

OPEN BARNEHAGE

Hver onsdag i skoleåret er det
Åpen barnehage på Tunet.

Åpen barnehage er et pedagogisk tilbud. Det er gratis og uforpliktende, og er for barn i alderen 0-6 år, i følge med foreldre/foresatte. Lek, aktivitet og samvær med andre barn vektlegges.

Kl 11.00 er det samlingsstund med sang, musikk og bevegelse.

Kl 11.30 er det smørelunsj for de som vil.

I Åpen barnehage kan du få info, råd og veiledning om barns utvikling og oppvekst. Våren 2017 var det et snitt på ca 16 barn per gang hvor 70 ulike barn utgjorde stammen. Velkommen til Åpen barnehage.



DAGENS BØNN

Kjære Gud ta handa mi

Kjære Gud ta handa mi.
Slepp den aldri ut av di.
Lei meg på din veg i dag.
Gjer meg trygg og sterk
og glad.